



Hjelmås VVS AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/663 - 19/10894

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
02.04.2019

Utsleppsløyve for bustad - gbnr 184/1 Halsteindal

Administrativt vedtak: Saknr: 194/19

Byggestad: Gbnr: 184/1
Tiltakshavar: Ole Michel Clausen
Adresse: Kleivdalsvegen 361
Ansvarleg søkjar: Hjelmås VVS AS
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om nytt utsleppsløyve for våningshus som vert nytta som fritidsbustad på gbnr 184/1. I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedommen skal reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg av typen Klargester BioDisc BA med etterpoleringsgrøft før utsleppet går til spreiring i terreng og vidare til bekk. Anlegget skal gravast ned. Utsleppet sin storleik er oppgitt til 5 pe.

Søknaden er knytt til søknad om løyve til oppføring av tilbygg til/ombygging av våningshuset på eigedomen, jf. arkivsak 18/3702.

Det vert elles vist til søknad journalført mottatt 01.03.2019.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål . Eigedomen ligg innanfor sikringszone H110_sD03 som er nedslagsfelt drikkevatt.

Det omsøkte byggjetiltaket på våningshuset og søknaden om utsleppsløyve er ledd i arbeidet med å etablere ny drift på garden. Tiltaket vert vurdert å vera i samsvar med plan.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.



Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 01.10.2018.

Reinseløysing

Utsleppet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Klargestor BioDisc BA. Anlegget er godkjend etter NS-EN 12566-3. Anlegget stettar reinsekrava for utsleppsstad i følsamt og normalt område med brukarinteresser, jf. forureiningsforskrifta § 12-8.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-13 2.ledd. Det er lagt ved serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget i søknaden.

Reinseanlegget krev slamtømming. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak. Slamtømming frå minireinseanlegg inngår i dag ikkje i kommunal slamtømmeordning.

Privatrettslege tilhøve

Avløpsanlegget er plassert på eigen eigedom.

VURDERING

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Eigedomen ligg innanfor nedslagsfeltet til Sjausetvatnet som er kommunal reservevasskjelde. Avstand frå anlegget og til vatnet er om lag 900 meter. Det ligg ikkje føre klausuleringsføresegner for området.

Søknaden har vore lagt fram for eining for teknisk drift og det er vurdert at søknaden om utsleppsløyve kan godkjennast på vilkår av at utsleppet etter reinsing i minireinseanlegg, vert ført til etterpoleringsanlegg, t.d. jordbruksgrøft, sandfiltergrøft eller liknande, før utsleppet vert ført vidare i tett leidning til vassdrag/bekk med heilårs vassføring. På grunn av drikkevassinteressene i området skal anlegget leggjast til rette for at det kan monterast trinn for UV-desinfeksjon.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett vert tatt stilling til ved handsaming av søknad om løyve etter plan- og bygningslova.

Godkjenning etter andre lovverk

Etablering av avlaupsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 20-3. Søknad ligg føre og vil verta handsama når vi mottar nytt oppdatert situasjonskart i samsvar med utsleppsløyve.

Søknaden om utsleppsløyve er knytt til søknad om løyve til oppføring av tilbygg til/ombygging av våningshuset, jf. arkivsak 18/3702. Vi gjer merksam på at søknaden om etablering av avløpsanlegg kan handsamast saman med søknaden om tiltak på bustaden. Ved felles handsaming vil tiltakshavar berre verta fakturert for eitt sakshandsamingsgebyr etter plan- og bygningslova. Dersom felles sakshandsaming er aktuelt må søknaden i arkivsak 18/3702 oppdaterast i forhold til gjennomføringsplan, ansvarsrettar og situasjonsplan.

Etablering av avløpsanlegget kan ikkje ta til før nødvendig løyve etter plan- og bygningslova ligg føre.

VEDTAK

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for bustad på gbnr. 184/1 på følgjande vilkår:

- 1. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Klargestor BioDisc BA med etterpolering før utsleppet vert ført i tett leidning til bekk.**
- 2. Anlegget skal leggjast til rette for at det kan monterast trinn for UV-desinfeksjon.**
- 3. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for 5 pe.**
- 4. Det skal liggja føre gyldig serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget til ein kvar tid.**
- 5. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensing av forurensing §§ 12-7 til 12-13**
- 6. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.**
- 7. Anlegget kan ikkje etablerast før det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forurensningsloven § 85](#) 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn

med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ole Michel Clausen

Kleivdalsvegen 361 5915

HJELMÅS

Mottakarar:

Hjelmås VVS AS

Torvhusmyrane 2 5913

EIKANGERVÅG